


# Brattvåg Rotaryklubb



Medlemsbrev nr. 3, 2014/2015

Januar, februar og mars 2015

President Geir Magne Ingeborgvik



Redaksjonskomite: Lidvar Sunde, Rolv Rørhus, Jan Huse, Torstein Slyngstadli, Magne Lundemo

## 06.01.2015 – Mi julebok

Frammøtte: Ca. 27 medlemmar. Geir leia møtet. Johnny Helland og Torstein Slyngstadli har hatt bursdag sidan forrige møte. Ingen klubbsaker blei tatt opp. Programmet denne kvelden var ved Torleif Marken – Mi julebok.

Forfattar og journalist Eirik Veum har utgitt ein trilogi, *Nådeløse Nordmenn* som handlar om nordmenn på feil side under krigen. Dei tre bøkene er *Statspolitiet 1940 – 1945, Hirden 1933 – 1945* og *Gestapo 1940 – 1945*.

Torleifs bok, *Hirden*, er bok nummer to. Hirden, som vart danna i 1933, hadde i hovudsak ei seremoniell rolle, men stod også bak mord, tortur, forfølgelse og liknande. Før krigen vart Hirden mest brukt som NS si vaktavdeling. Den henta mykje av symbola og ordbruken frå sagatida, og Quisling var formelt øvste leiar. På det meste hadde Hirden 20.000 medlemmer – alle i NS vart oppfordra til å melde seg inn i Hirden.

Alle dei ulike avdelingane hadde namn frå sagatida. Dei dreiv med mange aktivitetar som kunne vere trivelle, men nokre av

aktivitetane var av svært alvorleg karakter, som til dømes Hirdvaktbataljonen, ca. 400 mann, som var fangevoktarar for jugoslaviske krigsfangar i Nord-norge. Dei hadde eigne utdanningssenter – men medlemstilfanget hadde varierande kvalitet. Dei var på linje med tysk SS når det gjaldt oppførsel og brutalitet. Mykje av materialet er henta frå rettsprotokollar, og der er mange namneopplysningar. Ein del medlemmar vart dømd til lange fengselstraffer etter krigen, men dei fleste vart sette fri på begynnelsen av 50-talet.

Alt i alt var Hirden ei broket forsamling av alle slags folk – dei levde for det meste ikkje opp til dei ideala som dei skulle stå for. På våre kantar var det ikkje mange aktive hirdmedlemmar – denne rørsla hadde lita oppslutning her. I ettertid er det svært få som har innrømt å ha gjort noko gale gjennom sitt hirdmedlemskap. **Ref: Jan H**

## 13.01.2015 – Samfjord-kvartalet ved Arne Harnes

Frammøte: Vel 30 medlemmar. Geir leia møtet. Bursdagar sidan forrige møte: Arne Tande, Håvard

Sætre, Johan Mork, Tove Høistad, Elin Fagerli. Klubbsaker: Årsfesten må flyttast igjen – ny dato er laurdag 7. mars. Denne kvelden hadde vi besøk av Arne Harnes, temaet var Samfjordkvartalet.

Arne starta karriera si femten år gamal som linefiskar på Grønland, og dette, saman med ein mindre startkapital frå faren, danna grunnlaget som gründer av ulike verksemder, helst innan bygda. Drivkrafta til aktivitetane er patriotisme – han vil at Brattvåg skal vere ei levande bygd som kan utvikle seg til det beste for oss som bor her. Han har no eit nettverk av selskap, aleine og saman med andre. Største aktiviteten så langt har vore Samfjordgårdane, fire boligblokker i Strandgata til 180 millionar. NMK (Norsk Maritimt Kompetansesenter) på Nørve er eit anna investeringsprosjekt, også byggeprosjekt på Synnaland, og eigedom i Portugal. Idrettslaga er også ei av dei lokale organisjonane som nyt godt av investeringsviljen til Arne

sine aktivitetar. Utviklinga av Samfjordkvarteralet starta i 2008 med Samfjordgårdane, med støtte fra kommunen og andre. Prosjektet fekk ein vanskeleg start med mykje motgang, men er no fullført med stor suksess. Resten av Samfjordkvarteralet er no samla som éin eige-dom, frå mange gards- og bruksnummer. Situasjonen no er at nesten heile arealet på 13.000 kvadratmeter er utleidt. Omsetninga er på 130 – 150 million årleg, og fasadar er renoveret. Vidare utbygging mot nord er under planlegging.

Kva med nytt kommune-hus? Framdrifta har gått seint, men alt er tilrettelagt for å integrere kommune-huset i Samfjordkvarteralet. Til planane hører også bru til Brattholmen, og til-ordning for friluftsaktivitet- ar der. Det nye kvarteralet vil innehalde kontor, leileg- heiter, butikkar, hotell, konferansefasilitetar, helsehus, bibliotek – alt i alt eit levande senter i bygda. Med eit skikkeleg kommunehus vil vi stå sterkt når det gjeld lokali- sering ved framtidig kom- munestruktur. Kommunen må i nærmaste framtid bestemme seg for kor og korleis dei vil ha det nye kommunehuset, og Samfjordkvarteralet er eit aktuelt og attraktivt alternativ.

Stor interesse til Arne sitt foredrag blant oss fram-

møtte, mange spørsmål og kommentarar.

**Ref: Jan H**

### **20.01.2015 – Vårprogrammet på ID Huset**

Frammøte: Godt frammøte. Geir leia møtet. Bursdagar sidan forrige møte: Ingen(!). Klubbsaker: Årsfesten må flyttast igjen – ny dato vert tatt opp på neste møte. Gapahuken på Brattholmen har fått hard medfart i diverse stormar – det ligg an til dognadsinnsats i løpet av våren.

Kveldens hovudpost var ved Inger Johanne Ruset, nytillsett leiar ved ID-Huset. Ho kjem frå Linge (same garden som Martin Linge), og har vore journalist i m.a. NRK før ho kom til ID-Huset i oktober 2014.

Haustprogrammet var soleis ferdig lagt opp når ho kom dit, og det vart ei hektisk tid med alle typer arrange- ment. Resultatet av drifta for 2014 vert klart i desse dagar. Aktiviteten for 2015 er allereie i gang, sist søn- dag med Arild Remmereit sitt Vi Minnes-program om den hydrauliske vinsjen. Scena Blues & Jazzklubb har også hatt eit program med godt oppmøte. Til helga vert det rocke-konsert, og søn- dag ettermiddag vert det gratiskonsert i vestbylen.

Vokalgruppa Uhørt frå Brattvåg skal ha konsert i byrjinga av februar. Hellstranded (m.a. bassist Lars Martin Vik) vitjar ID- Huset i regi av Scena B & J.

Barnas dag vert også arrangert i vinterferien, ved Kristine Sandtorv.

Vi Minnest-programmet om Brattvåg Skipsinnredning kjem 1. mars, også som matiné. Fat Tony & the Slim Boys (Scena J & B), tung blues følgjer i mars. «Det merkelege som hende med hunden den natta» – teaterforestilling også i mars. Pippi Langstrømpe kjem seinare same månaden.

Woodland Circus – folkemusikk – held intim- konsert i Kulturstova. Teateret Vårt kjem med "Kvit", barneteater. Knut Marius Juvik og Brattvåg- koret arrangerer Happy Hour i april. Radio Haram skal arrangere radiokafé, primært ungdomsprogram. Gluntan feirer 50 år i år, dei kjem i mai. Enno eit besøk frå Teateret Vårt – «Mannen i pappeska». Kato Nogva Flem, klassisk pianist frå Longva kjem også i mai.

Det kan også dukke opp arrangement innimellom desse programma. Det har vore varierande oppslutning rundt programma – det ser ut til at lokale program er godt besøkt, «stor- stjernene» har etter kvart litt mindre oppslutning. Kinoen er også bra besøkt. Kva med å feire Brattvåg sin bursdag 11. november – dette har lagt nede nokre år.

Kulturhusa har godt samarbeid seg i mellom. Har Rotary forslag til foredrags-haldarar til haustprogrammet – kom med innspel!

Ref: Jan H

#### **27.01.2015 – RYLA ved Stian Davik Flem**

Godt frammøte. Geir leia møtet. Bursdagar sidan forrige møte: Rolf Doran, Leif Sønderland, Svein Arne Rørhus.

Klubbsaker: Årsfesten er no endeleg fastsett til laurdag 14. mars.

Kveldens gjest var Stian Davik Flem, og hovudtemaet var RYLA-seminaret i Ulsteinvik som han deltok på i november. Stian er atten år gammal, og går på elektro-inja på Haram vidaregåande skule. RYLA-seminaret opna torsdagkvelden med blíkjend-aktivitetar – hovudsakleg bygging av katapult som gruppearbeid. Der var omlag 20 deltakarar på seminaret, og Stian var ein av dei yngste.

Fredag var programmet ved Rolf Klock og Terje Græsdal, om ledelse og typologi. Deretter vitjing på Kleven med tema bruk av sveise-robotar, der Kleven er svært langt framme teknologisk. Kveldsprogrammet var på restaurant Kokk'n Roll med quiz. Laurdag fekk dei besøk av bl.a. Kirsti Slotsvik frå Kystverket og Eva Hägglund Hole frå Quality Hotel Waterfront. Dei fortalte om sine leiarerfaringar.

Stian hadde berre gode minner frå samlinga – godt opplegg.

Stian fortalte også frå skuleåret sitt i fjar – då gjekk han på high school i Michigan i USA der han hadde allmennfag, og på college med yrkesretting. Han var også med på diverse sportsaktivitetar, som var ein integrert del av skuleopplegget. Skulen var ein liten privatskule, med stor vekt på faglege resultat. Litt anna disiplin og krav enn det som vi er vant med. Han fekk mange spørsmål frå ei interessert forsamling.

Ref: Jan H

#### **03.02.2015 – Bedriftsbesøk på Pharma Marine AS**

Ein stor flokk frå Brattvåg Rotaryklubb vart ønskt velkomen av hovudaksjonær og dagleg leiar Leif Kjetil Gjendemsjø. Eksakt kor mange vi var, veit ikkje referenten, men vi var i allefall så mange at vi måtte delast i 3 grupper. Leif Kjetil fortalte av han kjøpte bygget av Mørenot AS som tidlegare hadde bygt fabrikken for framstilling av filament til produksjon av tauverk. No var lokala utvida og dei foredla no fiskeolje til Omega 3 som dei selde i store kvanta til selskap som «pakkar det» i ampullar og sel det over heile verda. Dei er over 30 tilsette som deltek i ein døgnkontuerleg produksjon, og det vert produsert over 1000 tonn i året.

Omega 3 vert foredla av restavfallet frå fisk – hovud, ryggar etc. frå fabrikkrålarar og landbaserte fabrikkar for fiskeforedling. Mange fabrikkrålarar produserer olje av dette råstoffet som dei sel til Pharma Marine for vidare foredling.

Pharma Marine har sidan starten i 2009 utvida tomtearealet betydeleg. Dei har dei siste åra skote ut ein del av tomta. Dette er gjort, ikkje berre for å utvide produksjonsarealet, men også for å bygge kai til å ta imot restavfall frå fiskeproduksjonen frå trålarflåten. Dei designa og bygg og sel eigne produkt til firma som marknadsfører Omega 3. Der på bedrifta fyller dei ikkje oljen i ampullar. Det er det andre som gjer. Leif Kjetil fortel at dei produserer to typer Omega 3. Den eine basert på restavfall frå torsk. Den andre av blekksprut. Sist nemde er Pharma Marine dei einaste som produserer (under namnet Calamarine). Referenten oppfatta det slik at Leif Kjetil påsto at den var hakket betre.

Leif Kjetil peika på viktigheta av å få i seg nok Omega 3. Det gjer at ein vert betre både i hovudet og i ledda. Leif Kjetil meinte at alle burde ta tran - om det ikkje var like bra som dei produkta dei laga på Terøya, var tran eit godt hjelpemiddel for å halde kroppen og hovudet i form!

Etterpå var det smaksprøver av mange forskjellige variantar. Vi var litt spent på om det var transmak av produkta, men det var det ikkje å finne, sjølv om det var mange «trena gannar» som var i aktivitet. Ein interessant kveld vart avslutta med inspeksjon av det imponerande produksjonsutstyret dei i stor grad har utvikla sjølve.



**Ref: Rolv Rørhus**

#### **10.02.2015 – Omsorgssenteret på Eidet**

Presidenten opna møtet til vanleg tid og ønskte Gunnar Eide og Thomas Vadset til lukke med vel overstått fødselsdagar.

Han kom også med den gledelege meldinga at der var kome inn kr. 119.000,- på konto, som momskompensasjon for lys på turstien rundt Synnalandsvatnet.

#### **Omsorgssenteret på Eidet**

Bjørg Brynhildsvoll var invitert til å orientere om det planlagde omsorgssenteret på Eidet. Ho er einingsleiar for helsestenester i indre del av kommunen.

Behovet for helsetenester er sterkt aukande, var det første ho peika på.

Kommunen har ansvar for helsetenester til alle aldersgrupper frå 0 til over 100 år. Pleie og omsorgsplanen vart vedteken i 2008, med utgangspunkt i stortingsmelding nr. 25. I denne planen vert det m.a. peika på at Vatne aldersheim etter kvart er ei gamal bygning. Ein hadde fleire tomte-alternativ, og valg av tomt vart gjort i 2013. Rom og funksjonsplan vart vedteken i 2013-14.

Byggearbeidet vart lyst ut som totalentreprise i juni 2014. Det har kome inn mange gode tilbod, men det er ikkje endeleg valgt entreprenør/byggeløysing. Ein er no i gang med klagebehandling.

I dag har kommunen fem institusjonar med tilbod heile døgnet: Kveldsro (10 pl), Haram kvileheim (12 pl), Solbakken (12 pl), Vatne sjukeheim (29 pl) og Haram omsorgssenter (50 pl). I framtida vil ein ha berre to: Haram omsorgssenter (50 pl) og Omsorgssenteret på Eidet (70 pl)

Der er inga norm for kor mange omsorgsplassar ein kommune skal ha. Kostnadane ved drifta fordeler seg med 80 % til lønn til pleiepersonale og 20 % til drift av bygningane. Utviklinga syner at ein stadig får behov for auka tilbod til demente. Tomta på Eidet er på 16 mål. Det nye bygget skal ha eit nettoareal på 4260 m<sup>2</sup>, og

eit bruttoareal på 6300 m<sup>2</sup>. Utearealet må ha.: Tilkomst for besøkande, personale og varemottak. Dessutan:

Hage, sansehage, parkering.

Målgruppene er eldre, personar med demens og yngre. Som nemnt ovanfor i alt 70 heildøgnsplassar. Romprogrammet omfattar: 6-7 bogrupper, 9-12 plassar, 3 plassar med ekstra skjerming og 5 leilegheiter for yngre brukarar el. andre med spesielle behov.

Brynhildsvoll kom så inn på innredning for dei ulike bogruppene og fellesareal. Den nye omsorgsarenaen skal vere bustad – ikkje institusjon, med bemanning heile døgnet.

Energikrava til bygget er strenge. Dvs. krav om ein energibruk på under 20 kWh/m<sup>2</sup>/år. Det skal byggast etter krava til passivhus.

Omsorgsteknologi : Framtida krev at ein sparer personalkonstanter ved auka bruk av nye teknologiske løysingar.

Utviding: Det skal leggast til rette for at ein skal kunne utvide med 20 nye plassar, og evt. eit service-/utleigeareal på ca. 500 m<sup>2</sup>, for lege og evt. fysioterapeut.

Etterbruk av eksisterande bygg: Dette vil bli teke opp som ulike delprosjekt.

**Ref: Torstein**

## **17.02.2015 – Informasjon om Rotary**

Denne kvelden var det informasjon om Rotary som stod på programmet. Jostein tok for seg de ulike programmene som Rotary administrerer, som f.eks. Rotary Foundation, RYLA, Polio plus, osv. Han snakket også om 4-spørsmåltesten, etiske spørsmål og det sosiale samværet.

Lidvar hadde med PC og gikk gjennom Rotary Norge sin hjemmeside via de ulike menyene og viste litt av de artiklene og informasjonen man finner, bl.a Håndboken, klubber i Norge, Medlemskap.

**Ref: Lidvar**

## **01.03.2015 – Vi minnest Brattvåg Skipsinnredning**

Denne søndagen var det Arild Remmereit som så tilbake i historien med det tredje og siste arrangementet i «Vi minnest»-serien.

I dag var det Brattvåg Skipsinnredning som stod på programmet. Remmereit så på hva slags idéer, samarbeid og nybrotsarbeid som gjorde bedrifta sentral i Brattvåg. Hvem var menneskene som starta dette arbeidet? Hvilke idéer hadde de om samfunnet de var med å bygge? Det var flere samtaler og intervju med lokale gjester.

**Ref: Lidvar**

## **03.03.2015 – Fritt møte**

President Geir Magne opna møtet og ønskte velkommen til eit «fritt møte». Det vart

ein triveleg prat rundt borda – utan at det vart fatta spesielle vedtak!

**Ref: Rolv Rørhus**

## **14.03.2015 – Årsfesten**

President Geir Magne ønskte velkommen til frammøtte medlemmar med ektemakar og vener. Han ønskte spesielt velkommen til dei frammøtte enkene etter rotarianarar som var gått bort. Han overlet så leiinga av festen til Endre Sandnes. Han leia festen med sikker hand. Vi fekk besøk av Turid Skjelten og ei samling av unge songarar. Dei underheldt oss med vakker sang og fekk stormande applaus til takk! Maten var av beste Brattvåg-Hotell-standard og praten gjekk livleg rundt borda. Bjørn Sandnes takka for maten på ein måte som verkeleg sto i stil med både mat og servering. Serveringspersonalet vart og kalla inn og fekk velfortent applaus for jobben. Hjørdis heldt ein triveleg tale for herrane. Vi herrane på vår side retta oss i ryggen og syntes det var vel fortent. Tomas Vadset heldt ein flott tale for våre damer og fekk velfortent applaus for den. Festen vart avslutta med svingom der vi svinga våre damer og herrar etter beste evne. Ein triveleg kveld som gjekk i god Rotarytradisjon og som dei frammøtte ga uttrykk for å sette pris på.

**Ref: Rolv Rørhus**

## **17.03.2015 – BIL/Ravn /Nordborg**

Denne kvelden kunne President Geir Magne ønske velkommen til representantar frå idrettslaga Ravn, Nordborg og Brattvåg. Ravn hadde gjort ein stor frivilleg innsats både når det gjalt vegen frå Fannedalen og opp på Remmefjellet. Dei hadde og rusta opp tilkomsten til Ramnfloget mellom Vatne og Tennfjord. Norborg sin representant fortalte om stiar som var rydda rundt omkring i området.

Representanten frå Brattvåg peika på turstiar rundt omkring i bygda. Det vart vist bilde frå arbeidet som vart gjort og oversikt over turstiar som var lett tilgjengeleg for nokon og ein kvar sjølv om ein ikkje høyrd til dei sprekaste i samfunnet. Ein må berre ta hatten av for det arbeidet som desse har gjort – hovudsakleg på frivilleg basis!! Vi får håpe at dette samfunnstenlege arbeidet kan fortsette også i åra som kjem. Dei fekk i alle fall høgst fortent applaus etter innsлага.

**Ref: Rolv Rørhus**

## **24.03.2015 – Pensjonistfest**

Denne kvelden kunne presidenten ønske velkommen til ei forsamling på mellom 70 og 80 personar som saman med medlemene i Brattvåg Rotaryklubb var samla til den årlege Pensjonist-festen.



Festen starta med at Frida Nustad song songen «Alle

tider». Ho kom òg seinare på kvelden og framførte songen «Gjev meg handa di ven». Og ho fekk velfortent applaus.

Mellom desse to songane var det «matykt». Det som vi «gamlekarane» sakna, var songhefta og songane som tidlegare har vore tradisjon på desse festane. Vi får likevel ha dette unnskyldt når vår faste pianist, Øyvind Haugen, var bortreist på dagen!



**Ref: Rolv Rørhus**